

Fråsegn for aktsemdsvurderingar

Rapporteringsåret 2025

Innhald

Innleiing	2
Volda Maskin AS.....	2
Organisering i Volda Maskin.....	3
Forankring	3
Prosess for kartlegging av risiko av eiga verksemd og leverandørar	4
Eiga verksemd	5
Leverandørar og underentreprenørar	5
Vegen vidare.....	6
Informasjonsplikt.....	6

Innleiing

Denne fråsegna er offentleggjord i tråd med krava i openheitslova og gjeld for Volda Maskin AS.

I Volda Maskin jobbar vi kvar dag for å møte framtidas moglegheiter og utfordringar på best mogleg måte. Som ein leiande anleggsentreprenør i regionen vår, er vi medvitne det ansvaret vi har for menneske, miljø og samfunn i all vår verksemd. Vi er ein del av løysinga for å byggje eit berekraftig samfunn, og forpliktar oss til å drive verksemda vår på ein ansvarleg og etisk måte. Dette arbeidet er ein integrert del av verdiane våre og den daglege drifta vår.

Denne fråsegna er utarbeidd i samsvar med lov om verksemders openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova), som tredde i kraft 1. juli 2022. Lova pålegg større norske verksemdar ei informasjonsplikt og ei plikt til å gjennomføre aktsemdvurderingar. Føremålet er å fremje respekten til verksemdene for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga drift, i leverandørkjeder og hos forretningspartnarar, samt å sikre allmenta tilgang til informasjon.

Volda Maskin AS støttar føremålet med lova og forpliktar seg til å drive ei ansvarleg, etisk og berekraftig verksemd. Arbeidet vårt er basert på FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Volda Maskin har utarbeidd åtferdsreglar for leverandørar som eit tiltak. I det komande året planlegg vi tiltak som skal sikre god oversikt over vår verksemd og våre leverandørar, samt redusere risikoen for brot på menneskerettar og sikre anstendige arbeidsforhold.

Volda Maskin AS

Volda Maskin AS er ein leiande maskinentreprenør på Sunnmøre, med kontor og verkstad i Volda kommune. Med rundt 75 dyktige og dedikerte medarbeidarar og ein moderne maskinpark, utfører vi små og store entreprisar innan infrastruktur, veg, vatn og avløp, tomteutvikling og grunnarbeid. Kundane våre er hovudsakleg offentlege aktørar som kommunar og fylkeskommunar, samt private utbyggjarar og bedriftskundar.

Vi er ei godkjend lærebedrift og ser på det som samfunnsansvaret vårt å bidra til rekruttering og kompetanseutvikling i anleggsbransjen.

For å sikre ei rasjonell og berekraftig drift, er vi avhengige av eit tett og godt samarbeid med både kundar og leverandørar. Vi har kompetanse til å handtere heile verdikjeda i eit anleggsprosjekt, frå start til slutt.

Våre kjerneområde omfatta

- **Vatn og Avløp (VA):** Vi tek på oss utbygging, vedlikehald og renovering av både nye og eldre anlegg for vassforsyning og avløp.

- Veg: Vi utfører all type masseforflytting, vegar, infrastruktur og uteareal for både private og offentlege aktørar.
- Masseproduksjon og sal: Frå våre eigne massetak produserer og sel vi pukk og grus i dei fleste fraksjonar.
- Naturstein: Vi levera komplette løysingar innan natursteinsmuring og plastring.
- Transport: Vi har ein stor og variert bilpark som utfører alle typar masse- og spesialtransport. Vi kan flytte tunge alt frå maskiner og spesiallast.

Vi nyttar oss av profesjonelle leverandørar som tilbyr bransjeretta produkt og tenester av høg kvalitet.

Organisering i Volda Maskin

Ansvaret for å etterleve openheitslova er forankra i styret og den daglege leiinga i Volda Maskin AS. Dagleg leiar har det overordna ansvaret for at verksemda oppfyller krava i lova.

Det operative ansvaret for å gjennomføre aktsemdvurderingar er delegert til HMS/KS-avdelinga vår.

Alle våre leiarar er ansvarlege for den daglege oppfølginga og har også eit ansvar for at alle tilsette etterlever våre HMSKS-rutinar.

Volda Maskin er tilknytt ei bedriftshelseteneste og vi skal gjennom vårt samarbeid sikre arbeidsmiljøet til våre tilsette. Alle har gjennom denne tenesta tilbod om målretta helsekontrollar.

Alle våre tilsette får ein gjennomgang av våre HMS-prosedyre og generell opplæring i HMS-arbeid for å sørge for at ein kan kome trygt heim frå arbeid kvar dag.

Forankring

Arbeidet med aktsemdvurderingar er tett knytt til det strategiske arbeidet vårt med berekraft. Volda Maskin AS har valt ut fire av FNs berekraftsmål som er spesielt relevante for kjerne verksemda vår og der vi meiner vi kan ha størst positiv påverknad:


- Mål 4: God utdanning: Gjennom rolla vår som lærebedrift og ved å tilby kontinuerleg kompetanseheving for dei tilsette, bidreg vi til eit kompetent og trygt arbeidsliv.
- Mål 5: Likestilling mellom kjønna: Vi jobbar aktivt for å auke delen kvinner i anleggsbransjen og sikre like moglegheiter for alle, uavhengig av kjønn.
- Mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Høgste prioriteten vår er å vere ein trygg og sikker arbeidsplass med anstendige løns- og arbeidsvilkår for alle dei tilsette. Dette ansvaret strekkjer seg òg til leverandørkjedene våre.

- Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon: Vi tek medvitne val for å redusere klima- og miljøavtrykket vårt gjennom effektiv ressursbruk, avfallshandtering og val av miljøvennlege løysingar i prosjekta våre.



Prosess for kartlegging av risiko av eiga verksemd og leverandørar

Volda Maskin AS følgjer OECDs rettleiar for aktsemdvurderingar for ansvarleg næringsliv. Dette er ein kontinuerleg og risikobasert prosess delt inn i seks trinn:



Eiga verksemd

Volda Maskin skal til ei kvar tid handle i samsvar med gjeldande lover og regelverk, interne reglar, retningslinjer og rutinar, i tillegg til krav frå både kundar og oss sjølve. Basert på gjennomgangen av eiga verksemd, blir risikoen i Volda Maskin vurdert som jamt over låg. Vurderinga omfatta:

- Arbeidstid, løn og ferie
- Tilsetjingsforhold
- Varslingsrutinar i bedrifta
- Arbeidet med HMS i bedrifta
- Standardvilkår og etiske retningslinjer
- Mangfald og likestilling

Dei tilsette i Volda Maskin har løns- og arbeidsvilkår i tråd med nasjonal lovgiving og tariffavtale. Det er etablert system for oppfølging av helse, miljø og sikkerheit (ISO 45001-sertifisert).

Leiinga har ein god dialog med dei tillitsvalde og gjennomfører jamlege møte gjennom året. Bedrifta har kontinuerleg internkontroll av eigne rutinar og retningslinjer.

Det blir gjennomført årleg ekstern revisjon for sertifiseringane ISO 9001, ISO 14001 og ISO 45001. Desse systema bidreg til å avdekkje eventuelle negative konsekvensar som måtte oppstå. Sertifiseringane blir utført av ein tredjepart.

Leverandørar og underentreprenørar

Volda Maskin er medviten om at byggje- og anleggsbransjen har særskilde risikoområde knytt til arbeidslivskriminalitet og brot på menneskerettar, særleg ved bruk av underentreprenørar og globale leverandørkjeder. Vi jobbar systematisk for å sikre seriøsitet og ansvarleg drift i heile verdikjeda vår.

For å handtere denne risikoen gjer vi følgjande:

- Tydlege krav: Alle leverandørar og underentreprenørar må kontraktsfeste at dei følgjer norsk lov, våre etiske retningslinjer og krav til løns- og arbeidsvilkår.
- Aktiv kontroll: Vi kontrollerer systematisk at løn, arbeidstid og HMS vert følgt opp hos våre partnarar. Dette skjer gjennom dokumentkontroll. Ved avvik blir det kravd umiddelbar utbetring.
- Førebygging: Vi prioriterer seriøse og godkjende leverandørar, mellom anna gjennom bruk av StartBANK. Vi gjer også risikovurderingar av leverandørkjeder for importerte varer som til dømes maskiner.

Våre kartleggingar har ikkje avdekt alvorlege brot, men dette er ein kontinuerleg prosess som blir løypande dokumentert for å sikre at tiltaka har effekt og bidreg til varig forbetring i leverandørkjeda.

Vegen vidare

Volda Maskin er forplikta til eit kontinuerleg forbetringsarbeid for å sikre ansvarlege leverandørkjeder og anstendige arbeidsforhold. Vårt arbeid er forankra i FNs menneskerettserklæring og våre eigne retningslinjer for berekraft og samfunnsansvar.

Årets aktsamheitsvurderingar har ikkje avdekt faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsvilkår, verken i eiga verksemd eller hos våre leverandørar. Vi har heller ikkje motteke varsel om kritikkverdige forhold. Dette ser vi som eit teikn på at vårt førebyggjande arbeid og våre strenge kontraktskrav fungerer, samstundes som vi er medvitne om den iboande risikoen i bransjen.

For å halde fram det gode arbeidet, og for å styrke det ytterlegare, vil vi framover fokusere på følgjande tiltak:

- Styrka leverandørøppfølging: Vi vil halde fram med å overvake og evaluere leverandørane våre tett.
- Betre varslingsrutinar: Vi skal styrke informasjonen og opplæringa om varslingsrutinane våre, slik at både eigne og innleigde tilsette kjenner seg trygge på å seie ifrå.
- Berekraft i leverandørkjeda: Vi vil styrke samarbeidet med våre partnerar for å setje felles mål, mellom anna for å redusere klima- og miljøfotavtrykket i prosjekta våre.
- Kontinuerleg læring: Vi vil halde oss oppdaterte på ny lovgjeving og delta i relevante bransjeforum for å dele erfaringar og lære av andre.

Volda Maskin tek dette ansvaret på største alvor og vil halde fram med å jobbe proaktivt for ein open, trygg og ansvarleg verdikjede. Denne fråsegna vil bli oppdatert årleg, eller ved vesentlege endringar i vår risikovurdering.


Informasjonsplikt

I samsvar med openheitslova § 6 har ein kvar rett til å be om informasjon om korleis Volda Maskin AS handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar. Skriftlege førespurnader kan rettast til:

E-post: firmapost@voldamaskin.no

Førespurnader vil bli svart på innan tre veker frå mottak.

Stad/dato:


Styreleiar
Rolf Anders Håberg
Dagleg leiar
Daniel Huseby